



DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 71171540
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no

Møteprotokoll

Utval: Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)
Møtedato: Tysdag 4. desember
Møtetid: 19:10 – 20:45
Møtestad: Kyrkjelydshuset

Desse møte:

Svein Løwe, Ingunn Hjelmås, Jan Magne Breivik, Oddmund Arne Varhaugvik, Anja Helen Otterlei, Audhild Mork og Kristian Finn Risung, Eva-Beate Opskar Nybø

Vidare møte:

Frank Harald Vestad som sekretær (kyrkjeverje)

Forfall meldt:

Gro Merete Hoksnes, Mette Myrseth Oterhals

Permisjon:

Inger Kristine Kjellnes, Inga Sølvi Korsvik Melby

Innleiingsord: Anja Helen Otterlei

Sakliste

Godkjenning av innkalling

Ingen merknad. Godkjent.

Godkjenning av sist møtereferat

Godkjent.

Sak 26/2018: Konstituering (re-) av Aukra Sokne- og fellestråd for 2019

Leiar for sokne- og fellestrådet, Svein Løwe, har sagt frå seg leiarvervet for siste året i denne soknerådsperioda, og det må veljast ny leiar for 2019.

Soknerådsmedlemmar har tidlegare blitt informert og dei fleste også fått spørsmål om å ta over dette vervet. Ingunn Hjelmås har sagt seg villig til å fortsette som nestleiar, men kan også tre inn i leiarvervet om soknerådet vil dette.

Innstilling til SFR:

Sokne- og fellestrådet må på neste møte velje leiar og eventuelt nestleiar til Sokne- og fellestrådet for 2019.

Kommentarar SFR:

Ingunn Hjelmås blir foreslått til leiar (det klappes), og Jan Magne Breivik foreslått som nestleiar (det klappes).

Jan Magne Breivik er leiar i Administrasjonsutvalet ilag med nestleiar i soknerådet. Om Jan Magne Breivik vert nestleiar i soknerådet, rykker Kristian Finn Risung, som vara for Jan Magne Breivik, opp som leiar i Administrasjonsutvalet.

Vedtak i SFR:

Det blir einstemmig vedteke at Ingunn Hjelmås veljast til ny leiar i Aukra Sokne- og fellesråd, og Jan Magne Breivik til nestleiar.

Kristian Finn Risung vert leiar i Administrasjonsutvalet.

Sak 27/2018: Offersøknader 2019

Som vedteke i SFR skal Gudstenesteutvalet lage ei innstilling til utveljing av dei offersøknadene som er kome inn. Gudstenesteutvalet skal snarleg ha møte, og vil legge fram si innstilling på SFR-møte 4. desember. SFR gjer ein vurdering og eit vedtak ut i frå denne.

Kommentarar SFR:

Innstillinga frå Gudstenesteutvalet ser greitt ut.

Ofring på Gudsteneste julaftan på Julsundet i år, blir foreslått til Kirkens nødhjelp

Vedtak frå SRF:

Gudstenesteutvalet si innstilling for ofringar i 2019 blir einstemmig vedteke.

Sak 28/2018: Eventuelt

Påskjønning/julegratiale til personalet

Einstemmig vedteke å kunne gje ei påskjønning til stab/personal.

Forespørsel om kjøp av lysestaker

Forespørsel fra andre om å kjøpe lysestaker frå oss som vi har til å gi bort, fra Gro Keramikk. Dette ble sagt at vi ikkje kunne til den som forespurde.

Lysesaken skal «henge høgt». Det er kun vi, soknerådet, som skal kunne gje dette ut til andre.

Lage statuttar for korleis dette skal gjerast for framtida. Må lage rom for impulsivitet for å gje bort som gåve.

Vedtak:

Sette opp som sak på et møte neste år.

Gudstenesten 26. mai

E-post med spørsmål frå GGV v/Elin om dei kan utøve konsert heile dagen 26. mai i kyrkja. Gudstenesten må da avlysast i Aukra kyrkje.

Forslag om å ta gudsteneste på Julsundet, ev. som friluftsgudsteneste.

Vedtak:

Gudstenesten i Aukra kyrkje den 26. mai flyttast slik at det vert friluftsgudsteneste på Julsundet same dag..

Referats- og orienteringssaker

SFR 10/2018: **Tur til Moldova** (Misjon Uten Grenser)

Prosjekt-/turkomité for dette, Peder Nedreli og Evy Marie Tofte har sett på dette. Peder har sendt oss eit skriv/e-post frå MUG (Misjon Uten Grenser) på forslag til turprogram og ramme for turen. Frank H. Vestad skal sjekke opp om moglege tilskot for turprosjektet – om ein kan kalle det eit prosjekt. I utgangspunktet må dei reisande betale det det kostar, og heller få refundert om tilfelle tilskotstildeling. – *Sjå vedlegg*

Orientering: **Møteplan for SFR** (Aukra Sokne- og fellestråd) + **AU** (Arbeidsutvalet) **for 2019**

Det settes opp ei møteplan med utgangspunkt i AU-møter i starten av kvar måned, og SFR-møte i midten av kvar måned.

Vedtak i AU:

Med omsyn til påske og sommarferie juli/august, og med atterhald om at dette ikkje er i konflikt med politiske møter i kommunen, sjekkar Frank H. Vestad dette opp og set opp ein møteplan jf. ovannemnde.

Orientering: **Kyrkjevalet 2019 – Bønnelista**

Det er kome eit skriv og brosjyre frå Bønneslista (foreining for kirkevalg og kirkeledelse) som ønskjer å stille eigne lister i alle bispedømer til val av bispedømeråd/Kirkemøtet, sept. 2019. Dei ønskjer at vi skal kome med forslag til namn på kandidatar og som vil stille seg på ei slik liste. – *Sjå vedlegg*

Vedtak i AU:

Vi vel å ikkje engasjere oss i denne.

Orientering: **Gudstenester Julsundet**

Det må gjerast klart for julegudsteneste på Julsundet. Frank H. Vestad er ansvarleg for å få avtalt på neste stabsmøte med omsyn til utstyr som skal fraktast til Julsundet skole og at villige personar som kan utøve dei handlingar som er naudsynt. Dette også med tanke for gudstenester på Julsundet i 2019.